



## Notat

Dato: 19. august 2016  
Arkivsak: 2016/943-9  
Saksbehandlar: Matti Torgersen

---

Til: SVV Region vest, Skyss, Stord kommune, Kvinnherad kommune

Frå: Samferdselsavdelinga, Hordaland fylkeskommune

---

### Teknisk-Økonomisk forprosjekt for Fv 544 Ferjesambandet Stord-Kvinnherad – Nytt ferjestø ved Djupavikneset

#### Bakgrunn

Fylkesutvalet i Hordaland og kommunestyra i Stord og Kvinnherad kommunar har godkjend at det skal utarbeidast eit forprosjekt for FV 544 Ferjesambandet Stord-Kvinnherad, nytt ferjestø ved Djupavikneset.

#### Mandat

Forprosjektet skal ta utgangspunkt i at det er mogleg å byggje ut i to trinn:

Trinn 1: Etablere eit nytt ferjestø på Djupavikneset med utbetring av dagens vegsystem med gang- og sykkeltiltak inn mot Leirvik sentrum. Tilførsel til og frå ferjestøet vil gå langs noverande vegsystem gjennom Leirvik sentrum. Vidare leggje til rette for moderne og effektiv ferjedrift.

Trinn 2. Etablere ei tunnelløysing frå ferjestø utanom Leirvik sentrum mot noverande E39.

Vidare skal forprosjektet utgreie mulegheit for utbetring av flaskehalsar og trafikkfarlege punkt på FV 544 over Halsnøy fram til ferjeleiet på Ranavik. Vidare også eventuelt behov for oppgradering av ferjestøet for å leggje til rette for moderne og effektiv ferjedrift.

Viktige utgreiingstema i forprosjektet vil vere:

- Vurdere om det vil vere behov for endring av dei premissane som er lagt for vegløysing og for storleik og lokalisering av ferjestø ved Djukavikneset i nemnte tilleggsutgreiing av FV 544 Ferjesambandet Stord-Kvinnherad. Det må vurderast om det er mogleg med andre vegløysingar i trinn 2 til ferjestø enn lang tunnell frå Vabakken.
- Avklare belastinga på dagens vegnett inn mot Leirvik sentrum og vidare mot E39, og avklare på overordna nivå behov for tiltak på vegnettet.
- Kalkulere innspart reisetid og utarbeide trafikkprognosar for ferjesambandet og for vegnettet inn mot Leirvik sentrum og mot E39.
- Vurdere framtidig driftskonsept på ferjesambandet, under dette kor mange ferjer, storleik på ferjer og fart. Kostnader for drift av sambandet må kalkulerast, basert på dei miljøkrav Hordaland fylkeskommune har set.
- Vurdere konsekvensar for ytre miljø av tiltaka (ikkje prissette konsekvensar) basert på tilgjengeleg informasjon.
- Oppdatere kostnadsansлага for nytt ferjestø og for tunnell basert på Anslag-metoden innafor ei usikkerheit som er vanleg på kommunedelplannivå.
- Kalkulere bompengepotensialet gjennom påslag på ferjetakst.

- Gi ei skisse til framdriftsplan for utbygging.

Analysane skal vere på eit overordna nivå, men samstundes gi eit tilstrekkeleg grunnlag for oppdragsgjevar til å kunne ta avgjerd om det er grunnlag for oppstart av reguleringsplan(ar) for tiltaka. Viktige element er økonomiske konsekvensar og mulege motsegn mot planframlegg.

## **Tidlegare arbeid**

Forprosjektet skal bygge på tidlegare arbeid. I 2008 vart det utarbeida ein kommunedelplan for Rv 544 Ferjesambandet Stord-Kvinnherad - Lokalisering av ferjeleie på Stord. Under handsaming av planen ønska Stord kommune at det skulle utgreiast eit nytt alternativ med ei ny plassering av både kai og ei alternativ tilkopling til E39 frå Djupavikneset. Tilleggsutgreiing om dette vart handsama i desember 2011. Det utgreidde alternativet omfatta nytt ferjestø samt tilkomstveg hovudsakleg i tunnell mot Vabakken. Dette alternativet vart ikkje tilrådd av Statens Vegvesen og Hordaland fylkeskommune. Stord kommunestyre vedtok 19.12.2013 å avslutte arbeidet med kommunedelplanen FV544 Ferjesambandet Stord-Kvinnherad, m.a. i påvente av traseaval for ny E39 over Stord.

Hordaland fylkeskommune fekk utgreidd ulike ferjeløysingar mellom Stord og Kvinnherad i Moglegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 Bergen-Rogaland i 2015.

Forprosjektet skal ta utgangspunkt i og oppdaterer nemnte analysar, særleg tilleggsutgreiinga om Djupavikneset.

Det pågår arbeid med både ein Stordapakke og ein Kvinnheradpakke, der finansiering av tiltak på vegnettet i dei to kommunane vert vurdert. Forprosjektet må koordinerast med arbeidet med desse to pakkene, først og fremst gjennom at forprosjektet vil gi innspel til arbeidet med pakkene.

## **Organisering**

Prosjekteigar er Hordaland fylkeskommune.

Det vert sett saman ei fagleg arbeidsgruppe som består av:

- Hordaland fylkeskommune
- Stord kommune
- Kvinnherad kommune
- Statens Vegvesen
- Skyss

Det er sett opp ei politisk referansegruppe som består av 2 representantar kvar frå dei to kommunane og frå fylkeskommunen.

Arbeidet skal bli utført i eit nært samarbeid med oppdragsgjevar og med den faglege arbeidsgruppa.

Arbeidet skal avstemmast opp mot den politiske referansegruppa for arbeidet med sikte på å finne fram til løysingar som er politisk akseptable. Det vil truleg vere behov for to-tre møter i den politiske referansegruppa..

Til å bistå i arbeidet har Hordaland fylkeskommune engasjert Sivilingeniør Helge Hopen AS.

## **Tidsramme**

Arbeidet skal startast opp i slutten av august 2016, og det takast sikte på at arbeidet vert sluttført ved årsskiftet 2016/17.